

MORA DI ER HOMO!

I ein boksering møtest unge sveitte, kortklipte menn til nærkamp. Men i staden for shorts har dei på seg store brøker og t-skjorte; i staden for boksehandskar har dei ein mikrofon i den eine neven, og verda i den andre.

LYRIKK

Yo, jeg er ligegladd, fuck dine ord / du står der på scenen og rapper om min mor!? / Men du er for lille, Roar, du går til skolepsykologer / og i formningstimerne laver du dildoer.

ME ER I KB-HALLEN på Frederiksberg i København. Midt i det veldige lokalet står ein boksering. Ringside sit det tre dommarar, ein på kvar side, og på den fjerde sit mannen som tar tida og slår på ei klokke; alle har kvit skjorte og svart sløyfe. Dei fremste stolrekkene er VIP-avdelinga, som har god plass, små bord og eigne servitørar. Oppetter tre av sidene er det bratte tribunar, og her sit eg med godt utsyn. Over bokseringen heng ei bru med lys, høgtalarar og videoskjermar. Endeveggen er fylt med lys og ei høg scene med ein DJ og full blåserekke. Tre tusen menneske sit og ventar spent.

Det er MC's Fight Night, og den beste fristilrapparen i landet skal kårast. MC står for 'master of ceremonies', som er det opphavlege ordet for 'rapper'. Fristilrapp er improvisert rapp, det vil seie at rapparen finn på teksten mens han rappar den. Han, ja. Det vert for dumt å klynge seg til det sterkt hypotetiske «han eller ho» her. For i ringen er det berre hannar; 20,3 år gamle brunstige alfagutar, ertelystne som små dritungar og språksterke som gamle diktarar.

Kveldens deltakarar har namn som MikL, Pede B, Johnni G og Ham Den Lange. Stemninga er nesten elektrisk. Folk kikar i programmet og diskuterer mulege utfall, nokre tar ein siste tur i baren for å hente meir Tuborg. Mange har pynta seg, men ikkje alle innrømmer det. Her er mange unge i klassiske lause hiphopklede, men òg mykje anna folk. Aldersspennet er stort, det er ikkje så suspekt å vere hiphopar i min alder her i landet. Då går du berre sjeldnare eller aldri ut på vanlege jammar, men på Fight Night og andre store hiphoparrangement kjem ein og møter gamle kjenningar. Kanskje ein til og med har ordna barnevakt og tatt med kjærasten, så dei vaksne kan få seg ein vaksen kveld med Guld Tuborg, jointar og skikkeleg *battling*.

Hiphopkulturen beit seg betre fast i Danmark enn i Noreg då han treffe Europa hardt på begynnelsen av åttitalet. Spesielt innanfor

DJ-ing og graffiti har Danmark fostra fleire av dei største talenta i verda. Den fyrste rapps-kiva på dansk kom i 1988, den fyrste på norsk så seint som i 2000. Som følgje av dette er hiphop mykje meir godtatt som ein del av kulturlivet her i Danmark enn i Noreg. I populærkulturen er hiphop integrert på linje med rock, og i dei finare salongane diskuterer kritikarar og andre intellektuelle rapplyrikken – på alvor. Eg flytta hit akkurat i tide til dansk rapps andre gullalder; frå 1996–2001 fylgde eg med i alt som skjedde i dansk hiphop, og i to av åra filma eg full ei stor kasse med digitale videokassetar frå den danske rappsena. Eg måtte lage ein dokumentarfilm om dette sprudlande miljøet som rappa på morsmålet, noko som var uheyrte i Noreg på den tida. Det inspirerte meg veldig. Ikkje berre til å lage film, men òg til å gå frå rapp-fan til skaprappar i godt vaksen alder. Eg filma dei danske rapparane i studio, på scena, backstage, i fristilbattles i bakgardar, overalt; eg kjende alle, og kunne bevege meg fritt dei fleste stader. Men mi eiga rapping heldt eg for meg sjølv, eg var for sjenert.

RINGENS HERRAR

Dei seksten rapparane som har kvalifisert seg til sluttspillet i Fight Night, ventar spent på bakromet. Om få timar vil éin av dei stå i ringen som MC's Fight Night Champ 2009. Vinnaren får fyrst og fremst store mengder ære og respekt, men òg 25 000 kroner, ein palle med gulløl – og eit svært stort belte.

Hiphop er ein konkurransekultur, og ein har alltid battla, altså konkurrert, innanfor alle dei fire elementa: rapp, DJ-ing, dansing og graffiti. Battling innan rapp har for det meste føregått på gatehjørne og festar, og etter kvart på meir eller mindre gjennomførte arrangement og konsertar. Men i 2000 tok ei arrangørgruppe i København den organiserte battlinga til eit nytt nivå, då dei skapte det originale konseptet MC's Fight Night. Bokseanalogien med ekte ring og alt som høyrer med, er like genial som han er opplagd. Skrytande rapptekstar har òg alltid vore fulle av metaforar frå boksing og anna slåsting, og ei stor og stilskapande rappgruppe som amerikanske Wu-Tang Clan bygde



heile sitt lyriske univers opp omkring asiatisk kampsport.

Ringen har eit blått og eit raudt hjørne, og kampleiaren introduserer hannane på høvelig vis: «I det blå hjørne ...!» Når rapparen er introdusert, kjem han ut på scena til sin eigen kjenningsmelodi (som regel ein hardcore hiphopklassikar), og tar imot jubel, før han går eller småjoggar ein tur rundt i salen og deler ut *high-fives*, og varmar opp både seg sjølv og publikum. I ringen kastar kampleiaren ein mynt for å avgjere kven som skal begynne. «Så skal vi lige have et emne fra emnegeneratoren,» seier kampleiaren. Ei datamaskin full av emne som publikum har sendt på sms før fyrste battle, vel ut eit tilfeldig emne som så kjem opp på videoskjermane. DJ Static startar eit beat, som

regel instrumentalversjonen av ein amerikansk rapplåt. Rapparen har no eitt minutt til å improvisere ein rapp over emnet, og på same tid skryte av seg sjølv, og disse' motstandaren. Idet rapparen seier det fyrste ordet, begynner tala på skjermane å telje ned frå 60. Når minuttet er over, skiftar mikrofonen hender. Det andre ringhjørnet får sitt emne, men same beatet som den fyrste rapparen. I andre runde gjentek dette seg, men med to nye emne, og i siste runde får rapparane kvart sitt minutt med fritt emne.

Når battlen er slutt, spør kampleiaren rapparane ein etter ein om dei sjølve meiner dei vann. Dette er for å leve opp til det tradisjonelle idealet i battlekulturen, der ein deltakar som regel veit om han har vunne eller ei, og bør kunne innrømme det når han har tapt. Viss

KVELDENS KAMPLEIAR: Den pensionerte battlaren UFO.

Yo, jeg rimer og jeg er sej / du er bare sur fordi bøsser får mere fisse end dig!

Roar



ALLE INGREDIENSAR: Som på boksekampar er vakre og lettkleddedde kvinner ein markant del av underhaldninga. Den kjende boksekommentatoren, Kurt Thyboe, kastar glans over arrangementet.

dei ikkje er einige, noko som likevel skjer svært ofte, må kampleiaren samle inn stemmene frå dei tre erfarne dommarane, som kvar har kåra sin vinnar. Dei dømmer ut frå: «1) improvisasjon i lyrikken, 2) flow² og teknik, og 3) stage performance/underholdning». Men, som dei òg skriv i programmet: «Dommerne faller ikke for billige tricks med platte og sjove rim under bæltestedet. Derfor er det viktig at deltagerne holder sig til emnet og ikke skriver sine rim hjemmefra.» Men morosamt må det sjølvsagt vere, og gjerne aggressivt og sjofelt òg, men då bør det vere originalt, og ikkje for banalt. To eviggyldige og populære angrepstaktikkar er å håne motstandarens moderlege opphav, og å så tvil om den seksuelle orienteringa hans. Altså, mora di er ei hore, og du er ein jævla homo.

FEIGE LAG

Ny kampleiar i år er UFO, sjølv ein av dei kvas-saste battlarane i landet. Han tok beltet i 2002, men konkurrerer ikkje sjølv lenger. No står han i ringen i smoking og leier heile arrangementet med stødig hand. I kveldens fyrste battle, den fyrste åttandedelsfinalen, skal raudt hjørne begynne: ADI, ein sekstenåring frå ei bygd i Jylland, med svart kaps, høge skuldrer og innbiten framtoning. Han skal slåst mot ein veteran i det blå hjørnet, ein 25 år gammal københavnar som kallar seg MikL. Etter seks år i ringen tok MikL endeleg det store beltet siste år, og er altså regjerande meister. Det kan sjå ut som feige lag; ein erfaren meister på heimebane mot ein ukjend pjokk frå provinsen. Men ingenting er avgjort, MC's Fight Night kan by på overraskin-

gar, og nervane er høgspente hos alle. Battling handlar om augneblinken, ein er berre så god som ein er akkurat her og no. Dessutan les eg i programmet, der alle rapparane er portretterte, at MikLs skrekkbattle er «en vild rookie på 16 år». No er det opp til ADI å vere vill nok.

Emnegeratoren går i gang, og spyttar ut «Kongerækken». DJ Static startar kveldens fyrste beat, og ADI kastar seg tappert ut i kampen. Han er energisk og aggressiv, men med ein litt utydeleg og monoton stil. Han har ikkje ein sympativekkjande scenepersonlegdom, han klarer ikkje å vekkje noko i meg, iallfall. Han held seg heller ikkje så godt til emnet, og det einaste som får litt respons frå publikum, er den litt billige punchlinen han slenger mot MikL: *Du får applaus fordi du er på heimebane*

/ ligesom jeg er på heimebane på din mors sengelagen. Minuttet har gått, ADI får ein ok applaus frå publikum, og UFO gir mikrofonen til MikL, som får det litt pussige emnet «Sukkergris med smør».

MikL viser seg straks som ein mykje meir underhaldande rappar; utovervend og leikande, og han brukar det litt abstrakte emnet på mange oppfinnsame måtar: *Jeg behøver ik' fortælle historier / det er længe siden hans kærester stoppede med at tælle kalorier / Så har I et smukt bevis / det er en god grund til at kalde hans kærester for en sukkergris*, og så til rundens gromrim, der MikL dissar motstandaren ved å trekke inn eit aktuelt og svært hesleg dansk tyggis-popband: *Jeg tror ikke du stopper mig / din tekster er så dårlige, at Sukkerchok mobber dig.* Her har me eit

DJUP KONSENTRASJON: DJ Static sørger for at MC-ane får dei rette beatsa å rappe til, men må òg følgje med på tekstane; når han høyrer at ein punchline er på veg, er han klar til å leggje inn ei pause i beatet, så orda får endå meir slagkraft.



NUMMERPIGE: Kvar av kveldens 15 kampar vert presentert av ei ny lettkledd ung kvinne.

eminent eksempel på ypparleg battlekunst: På 15 ord får MikL fortalt at ADI er frykteleg dårleg; for det andre er det rimteknisk på topp med rim på tre stavingar («stopper mig/mobber dig»); for det tredje er det ei morosam og kreativ melding, som dreg inn ein popkulturell referanse, som for det fjerde faktisk held seg til emnet. Storarta! Og når ei melding som dette

vert levert, går folk amok og jublar, mange reiser seg og kastar hendene i veret. Publikum er fokusert, dedikert og kvalitetsbevisst; dei aller fleste er som regel einige om kva som er bra. MikL leikar seg gjennom resten av runden med overskot og revesmil, og når klokka ringer, smettar han inn eit genialt svar på den tynne punchlinen frå ADIs runde: *Så fuck om du har været på min mors sengelagen / hun har brækket sig lige siden, for hun kunne ikke glemme smagen!*

Til ADIs andre runde får han emnet «Hvide løgne», og held fram med sin lite relevante og overdrivne battlestil; han er ein liten hund som gøyr for mykje, og han har allereie tapt. Når runden hans er ferdig, klappar dei fleste høfleg, mens nokre buar. På toppen er MikL ufor-skamma heldig når han får emnet «Den kriminelle lavalder» mot den stakkars pjokken, og han fyrer av innlysande, men gode rim som: *Du skal ikke blære dig, nar / han er fucking så ung at jeg kunne være hans far, og den meir originale Yo, du er kriminel / men du ville bare ønske at du kunne være MikL.*

I siste runde med fritt emne fyrer ADI av fleire billige poeng og prøver desperat å ta opp igjen emna frå dei to fyrste rundane. Han rappar òg om at det var ufortent at MikL vann i fjor. Men det funkar ikkje, og når runden er over, er det endå fleire enn sist som buar. Her er det inga kjære mor. MikL begynner sin siste runde med ei vakker rett høgre: *Der er een ting, den bitch ik' forstår / han har åbenbart ondt i røven over at jeg vandt sidste år / og siger jeg tabte til Johnni G / men fuck dig, jeg skrider med din mor og det halve kongerige!* Og resten av runden er intelligent slakting, mens ADI trass alt viser format, og ikkje kan la vere å smile og le av dei gode linjene han får i trynet. Plusspoeng i boka mi! MikL avsluttar på dette elegante viset: *Yo, jeg kan ik' ta' det fucking alvorligt / du siger jeg ik' sku' ha' vundet sidste år, for jeg' for dårlig!?! / Nej! Det lort ka' du drop', nej / det ka' godt være jeg ikke vinder, men det' fucking ik' dig der skal stop' mig.* Akkurat no liknar meisteren ein vinnar. Men UFO skal stille det obligatoriske spørsmålet.

«ADI, synes du, du vandt denne battle?»

«Ja, det synes jeg, jeg gjorde.» Han verken

ser eller høyrest overbevisande ut. MikL meiner sjølv sagt *han* vann, og det gjer han, med dommarstemmene 3–0. I tråd med skikk og bruk gir rapparane kvarandre ein klem som takk for kampen.

DEN HARDE KJERNEN

I takt med at finansieringa av dokumentarfilmen gjekk dårleg, vart mine eigne rappferdigheter betre – og meir nødvendige, ettersom eg hadde droppa ut av universitetet. Filmen vart lagd på is på ubestemt tid, eg begynte å bruke mindre tid på dansk rapp, og meir på sunnmørsk. Etter kvart vart det plateinnspe-lingar og turnéar med Side Brok i Noreg, og eg sklei heilt ut av miljøet i Danmark. Eg var blant publikum på dei tre fyrste Fight Night-sluttspela, men har ikkje vore der sidan. No er eg endeleg tilbake, og møter mange gamle kjenningar. Eg har ikkje ordna barnevakt, men heller tatt med meg 13-åringen til hans fyrste MC's Fight Night. Han synest det er svært tøft, og i motsetnad til meg kjenner han til dei nyare fristilrapparane, for han har sett Fight Night på tv dei siste par åra. Og endå tøffare: Nokre av dei gamle kjenningane far helsar på, er i dag store stjerner som han ser på MTV.

«Hey, Runar, hvordan går det med filmen?» seier nokre og ler. Andre, som det er endå lengre sidan eg har sett, spør «er det riktig at du også blev rapper, og har succes i Norge?»

Eit av mine yndlingssitat frå ein rapptekest er henta frå «Talkin' All That Jazz» av gruppa Stetsasonic. I denne låten frå 1988 slår dei tilbake mot alle som kritiserer hiphopmusikarar for å bruke sampling i musikken: «You said it wasn't art, so now we're gonna rip you apart!» Denne utsegna oppsummerer mykje av det som tiltrekkjer meg ved rappmusikk: alfahannen som følsam språkleg kunstnar. For denne harde, maskuline, til tider aggressive måten å uttrykkje seg på er så uendeleg sårbar, nettopp fordi ein uttrykkjer seg sjølv. Sjølv den hardaste gangsterrapparen gir noko av seg sjølv på scena. Ein stiller seg opp framfor store menneskemengder og påstår at eins tankar, kjensler, meiningar, og evnene til å uttrykke desse språkleg er så interessante at alle bør høyre

etter. Mange av dei står heilt aleine framme på scena, og ein har ikkje eingong noko feitt og tjafsete indierockhår å skjule seg bak.

Denne sårbarheita gjeld sjølv sagt dei fleste uttrykksformer, men dei har som regel ikkje denne hardheita som kontrast. Indierockaren har jo lov til å vere grinete. Men rapparen er verdsmeisteren, den store maskuline nedleggjaren av både kvinner og motstandarar, og burde vel halde seg for god til feminint tøys som dikting.

PEDE B VERSUS LUXSHAN

Før kvar battle vert ringen entra av ei ny ung, slank og vakker kvinne. Ho går ein runde med eit skilt som fortel kva battle som kjem no. Kvinnene er ikkje nakne. Dei har på seg bikini. No er me komne til battle nummer åtte, den siste åttandedelsfinalen, og kveldens største favoritt kjem i ringen. Han har vunne beltet to gonger før – i 2005 og 2007 – og kan i kveld verte den fyrste som vinn det for tredje gong. Pede B er 25 år, frå København, og glattbarbert. Motstandaren er ein underdog frå Aalborg, med LA-kaps og t-skjorte med teksten «Blam! Blam! Blam!» Luxshan har vore med dei to siste åra, men vart slått i fyrste kamp begge gongane. No skal han begynne, og får emnet «TV Glad», ein tv-stasjon i København som er leidd av psykisk utviklingshemma. Han rappar melodisk og bra; særst tight³ fristil, og har òg mange gode punchlines, men held seg ikkje så godt til emnet. Han spyttar stort sett rim om «mongoar», og har mange greitt artige poeng om innavl i Pede Bs familie, men det var altså ikkje temaet. Han er òg for lite i kontakt med publikum, og går litt ufokusert rundt mens han rappar. Når han stoppar framfor Pede B, står Pede berre og nikkar i takt til musikken med hendene på ryggen, han ser på Luxshan og smiler. Dette er hans vanlege overlegne stil, som nok kan psyke ut mang ein rookie med ærefrykt.

Som emne i fyrste runde får Pede B «Pibetobak», og gir oss ei oppvising i rutine og profesjonalitet: DJ-en scratchar inn beatet, mens Pede ser ut mot publikum, lyftar eine armen og begynner perfekt på fyrste takta: *Yo, la' mig start'*

Henrik Hass over emnet
«Brysternes dag»:

«Hey homie, der blev du fornærmet, du ligner en kræftsyg kælling, der har fået begge bryster fjernet. Helt sikkert, så jeg ta'r dig ud med fuldt overlæg.»

Spis hormonpiller og gro dig et fint overskæg! Hey homie, jeg ved ik' hva' du kalder det, men jeg ved han er et misfoster, der snart får bryster nede på ballerne.»

med at si' det fra starten / er I friske på at holde en kæmpe tourfest i aften! Det er sjølvsagt folk, og jublar, han har dei med ein gong på si side, men han let seg ikkje skiple – for dette var den planlagde reaksjonen – og held upåverka fram utan å miste ein sekstandedel, med dei same rimlydane: *Yo, I hører folk, de er fra den / Ham der, han har puttet noget helt forkert i tobakken.* Og der er han allereie inne på emnet, og det med rytmisk nydeleg rapprykk. Resten av runden er òg fylt med gode saker, som: *Ja, ham der, han vil begynne at anbribe / men han har ingen penge fordi det er finanskrise / Han kan ikke klare det i en finanskrise / jeg tror du har puttet noget grimt tobak i din vandpipe ... / Yo, så nu vil alle grine / fordi, som I tjekked', så kan den mand ik' rime / Du kan ik' rime, la' mig bare si' det / du lægger dig på knæ, og så begynner du at pibe!*

Andre runde. Luxshan: «Astronomi for begyndere». Luxshan prøver òg å flørte med publikum, men får det ikkje heilt til, rotar litt rundt i rima, og er ikkje så veldig på emnet. Publikum er ikkje nøgd. Pede B: «Alfa Romeo». Rimeleg godt. Knuser Luxshan. I siste runde går det på same måten, og Pede peikar på Luxshan mens han kjem med ein spådom: *Du har en t-shirt, der står «blam-blam-blam» / Men du vinder ik' til det her arr-ange-ment / fordi til det her fucking arr-ange-ment / der kommer jeg i finalen mod Ham-Den-Lang'.*

«Luxshan, vandt du denne battle?»

«Lad mig være ærlig, og sige, jeg synes Pede tog denne her.» Det var årets fyrste – og publikum jublar respektfullt for den verdige taparen.

FØR-BEVISSTE FISK

Dei fleste battlarane har sine faste frasar eller uttrykk som dei proppar inn her og der, når dei manglar nokre stavingar eller må tenkje seg om. Som til dømes Ham Den Lange, som begynner mange av linjene sine med «Yo, jeg' ligeglad, så det er klart ...». Pede B begynner ofte ei linje med å gjenta siste orda i førre linje, både for å tenkje seg om, men òg for å jobbe vidare med dei same rimlydane. Men korleis er det i det heile tatt muleg å improvisere tekst i noet, tekst som både skal rime, vere rytmisk korrekte og helst halde seg til eit bestemt

emne? Dei fleste fristilarar vil fortelje deg at ein må kunne rappe éi linje mens du tenkjer på og planlegg den neste. Det svaret er eg lei av å få. Og korleis er dét muleg?

Eg besøker ein av mine gamle kjenningar, Per Uldal, betre kjend som Per Vers, den mest respekterte fristilaren i Danmark dei siste ti åra: «Prosess i hjernen til ein fristilar er den same som i ein skriveprosess; han er berre speeda opp. Det kjem opp i eit tempo der det skjer ... kanskje ikkje underbevisst, eg trur eg vil kalle det før-bevisst. Ein når ikkje å sensurere seg sjølv, og alt kan ikkje vere gjennomtenkt. Det vert ein straum av ord, der me har nokre fisk som sym og er gjennomtenkte, og dannar ei retning, og så sym det ein masse andre ord med. Men tekstskrivinga som disiplin hjelper ein med å få alle dei ord-mulegheitene som ein treng, til å poppe opp. For eg har kanskje kombinert desse orda ein gong før, kanskje det dukkar opp noko frå ein uferdig tekst eg skreiv for åtte år sidan. Min gode ven Oliver har laga eit flott ord for dette: rim-ekko.»

Som rappar er ein som regel flink til å skrive rapptekstar og lage låtar – eller god til å improvisere og battle. Svært få meistarar begge disiplinane like godt. Og dei fristilarane som faktisk greier seg bra i studio og etter kvart får seg ein platekarriere, sluttar som regel med battlinga. For alle vil battle ei rappstjerne, men stjerna har ingenting å bevise og alt å tape. Per Vers er ein av dei sjeldne som meistarar både fristilling og låtskriving. Han har hatt god suksess tidlegare som rappar i gruppa Sund Fornuft, og i dag som soloartist. Per har alltid hatt eit stort talent for fristil, og viste det allereie som 17-åring i 1993, då han vann konkurransen «Årets Rapper». I 1999 vann han battlen «De 8 Bedste», og i 2000 tok han det aller fyrste Fight Night-beltet. Men så begynte det å verte for mykje press og negativitet. Per var lei av at det vesle fristilmiljøet i Danmark var som ein klubb der alle var vener, men at dei éin gong i året skulle hate kvarandre.

«Eg fann ut at viss eg skulle halde fram med å fristile, så skulle det vere 100 prosent, og det kan det ikkje vere om eg eigentleg ikkje meiner det eg står og seier.»



Per bestemte seg for å leggje opp viss han vann beltet det andre året òg, og det gjorde han.

«Klart, det kan aldri verte betre enn å slutte på toppen. Det var òg ein viktig grunn.» Han hugsar det fyrste året som ein verkeleg god kveld, men allereie andre året var det 90 prosent nervar og 10 prosent speglede.

Etter det fyrste Fight Night hadde han òg vorte invitert med i jazz-rapp-bandet til den omtalte venen, Oliver. Møtet vart ein kjempebefrielse for Per; her improviserte ein òg, men utan å slåst med kvarandre.

«Med Oliver opplevde eg korleis det var å rappe i lag med nokon som ikkje ønskte det verste for meg. Det var ei stor oppleving. Det vart mykje meir fritt, eksperimenterande – og ærleg. Det gjeld å gi plass til det som er mest

naturleg. For det finst uskrivne, men svært fastlagde reglar for kva dette handlar om. Og viss du kan frigjere deg frå dei reglane, og faktisk fortelje korleis du har det, så vert det stort. Så vert det til kunst, i staden for ein leik.»

Dei to MC-ane og jazzbandet har sidan spelt over tusen fristil-konsertar, både på skular og på vanlege speleplassar, komplett med emne skrivne på lappar av publikum. Såleis lever Per i dag av å rappe, mest fristil, men han battlar ikkje lenger.

STORE AMBISJONAR

Det aller fyrste MC's Fight Night vart halde på speleplatsen Amager Bio. Forholda var mindre, men profesjonaliteten har alltid vore den same. Initiativtakaren Michael CUP fortalde meg den

GULLØL OG GULLKORN: Ham Den Lange på veg til ringen.

**Jeg siger de ømme ting;
jeg har din mor med
i svømmehallen / vi
kalder det doggystyle
hundesvømning**

Johnni G

gongen at planen var at arrangementet skulle vekse seg stort, og gå frå Amager Bio til Cirkusbygningen, til KB-hallen og til slutt ende i Forum, der det er plass til 7 000–8 000 menneske. Dette skulle han klare på ti år. Inne i meg lo eg overberande. Eg syntest det var store saker at dei hadde fått det til ein gong, og at det kom fleire hundre menneske for å sjå og høyre.

No er det altså tiårsjubileum, og sjølv om målet ikkje heilt er nådd, har eg ikkje det store behovet for å finne Michael CUP og le han hånleg opp i ansiktet. MC's Fight Night har kome seg til KB-hallen, dei 3 000 kostbare billettane er utselde, kjendisane sit på stripe i VIP-avdelinga, og heile showet går på tv.

I begynnelsen hadde arrangørane vanskar med å finne nok dyktige fristilarar, så dei inviterte deltakarar frå Noreg og Sverige, og det var valfritt om ein ville rappe på skandinavisk eller engelsk.

Det fyrste året var der ein deltakar frå Noreg; ein eksentrisk bleik ung mann med lysebrun afroveis, som tusla rundt i ringen og rappa og song med eit flow frå verdsromet og Mikke Mus-stemme. Raringen vart slått ut i fyrste battle. Men året etter kom han tilbake, like merkeleg, og kom heilt til finalen før han vart slått ut av Per Vers. Nordmannen kalla seg Name, og det gjer han enno, men no med ein karriere som popsongar i Noreg.

NOREG I FINALEN: Norske Name (t.h.) kom heilt til finalen i 2001. Per Vers til venstre.



MC's Fight Night voks fort i popularitet, og etter at Eminem-filmen «8 Mile» gjorde battling kjent for folk flest, steig påmeldingane kraftig. Frå 2003 vart det derfor ein reint danskspråkleg konkurranse, og deltakarane må gjennom fleire rundar med kvalifisering før dei 16 beste er silte ut.

KVARTFINALANE

I tredje kvartfinale er det klart for eit gjen-syn med ein personleg underdog-favoritt frå åttandedelsfinalen. Johnni G, ein 22-åring frå Jylland, viste seg som ein svært festleg MC, med underhaldande tekstar, melodisk flow og gjennomført uhøgtideleg stil. Han er kronisk blid, og ler ofte av sine egne punchlines. Motstandaren er Fantomet; han er med for femte gong, og vann beltet i 2006. Fantomet begynner, og fyrste runde gjer han ok. Tigt og arrogant, men ikkje så spennande. Johnni G er meir underhaldande, men han er dessverre ikkje like skarp som i fyrste battle.

Fantomet avsluttar sin halvslappe andrerunde om «Pirat TV» med å seie at Johnni må gå «planken ud». Johnni G skal rappe over emnet «Rygsvømmer». Han er mykje betre enn i fyrste runde, og seier mange vittige ting om emnet, og får òg svart Fantomet: *Yeah, så det er klart jeg kan flip' det shit / gå planken ud? Du kan bruke min pik som tre meter-vip'*. Johnni G knuser Fantomet. Å bruke nokons egne vitsar mot dei, og kanskje til og med gjere dei betre, gir gode poeng. Publikum er konsentrert og følgjer med.

Nivåstigninga held fram i siste runde, der Fantomet teknisk sett er svært god; han tar opp igjen mange av dei tidlegare emna og ting Johnni har sagt, og det er poengtert og presist. Det er berre ikkje like spennande, ikkje like underhaldande. Me ser kor mykje karisma og personlegheit tel. Ein skal gjerne kunne identifisere seg med kunstnaren, eller i det minste ha sympati for han. Om eg les ein forfattar eller lyttar til ein muskar, så er eg ikkje berre på jakt etter estetiske opplevingar og nye tankar; like viktig er det å vere



i godt selskap. Og sjølv om ein rappar skal skryte og vere verdsmeister, så er det ikkje alle som kler å vere overlegne og arrogante.

Fantomet får slapp respons frå publikum, nokre buar til og med. Så kjem Johnni og avsluttar kampen. Han er verkeleg morosam på ein fjollete og musikalsk måte. Sjølvvironien er enorm, og han viser til seg sjølv i tredje person fleire gonger i kvar runde. Johnni Gs namn vert uttalt på engelsk, og ein g er ei forkorting av *gangster*. Han knuser i gang tredje runde, og brukar Fantomet's sivile namn: *Mads, helt ærligt, gi' mig sgu da noget modstand / selv dit crew de står der og tænker «hold kæft, ham Johnni er sgu da god, mand!» / Så det er klart at du ryger hjem / for ham der Johnni G han står her, jeg styrer dem / (...) / Yeah, så du*

skal ik' spille tiden / du vandt Fight Night én gang, og du har ik' vundet en skid siden. Begge meiner dei vann denne kampen. Dommarane dømmer 2–1 til Johnni G.

Den andre av mine underdog-favorittar frå åttandedelsfinalen, Henrik Hass, skal møte Pede B i siste kvartfinale. Herr Hass har mykje av den same uhøgtidelege og sjølvvironiske stilen som Johnni G, men er kanskje endå meir musikalsk og variert i flow, og i kveldens fyrste battle begynte han å jodle då han vart tildelt «Lederhosen» som emne.

Herr Hass er framleis i kjempehumør, og rappar underhaldande og skarpt. Han er med for femte gong, har semifinalen i 2007 som beste plassering, og ser ut til å vere heilt upåverka av at han er opp imot storfavoritten: *Ja,*

KNALLHARD ORDKAMP: Henrik Hass (t.v.) mot Pede B.

Pede B er cool og kendt / men jeg tror han ville gøre en bedre karriere som skribent. Skribent er eit fy-ord! Han får ok respons frå publikum, men eg synest han er fantastisk. Pede B ser det òg, for mot slutten av runden oppgir han sin vanlege uanfekta stillestående stil; han begynner å spasere rundt. Då han får mikrofonen, vert han seg sjølv igjen, og rappar tigt og tøft. Dette er jamt så langt.

I andre og tredje runde vert Henrik Hass svakare, og det går Pede Bs veg, men ikkje på ein underhaldande måte. Pede B er nesten for god og fokusert. Han gjer stort sett aldri feil, men han tar heller aldri sjansar. Det er som om det ikkje er noko på spel. Det er kalkulert, rutinert og med få eller ingen overraskingar. Eg er derimot litt overraska over at Pede B vinn med så mykje som 3–0.

Per Vers er ikkje heilt nøgd med MC's Fight Nights utvikling: «Eg synest arrangementet lid under storleiken, fordi det er så fintfølande, det som skjer i ringen. På eitt plan verkar det jo røtt, hardcore og direkte. Men alle som har sett det nokre gongar, eller sjølve har vore med, veit at dette berre er overflata til nokre finare og meir kjenslevare prosessar. Viss folk ikkje føler seg trygge eller ikkje har det kjekt, så leverer dei dårlegare – og eg har aldri sett Pede B fristile like bra i ringen som han gjer når me samlast ein gjeng i ein øvingskjellar ein onsdagskveld.»

Publikum i KB-hallen har det kjekt, og stemninga har vore støtt stigande heile kvelden. I det tre pausane er der både underhaldning i ringen – i form av breikdans og rapparar med skrivne tekstar – og tid til å strekke beina. Me hentar øl, brus og pølser, og støyter på endå fleire gamle kjende. Hip-hoparar er opptatt av å klemme kvarandre, sjølv til kvardags når dei er edru, så her vert det mykje intimitet.

SEMIFINALANE

Publikum er på veg tilbake til plassane sine, hakket meir brisne og lattermilde. Tv-folka står klare med kamera, og i ringen skal to veteranar battle om fyrste finaleplass. Ham

Den Lange, 27 år og frå Århus, er med i sluttspilet for sjuande gong. Han har aldri fått beltet, men har vore i finalen éin gong og to gongar i semifinalen. Den Lange er høg og hengslete, glattbarbert, og har på seg posete joggeklede i bomull. Han har greitt seg bra i dei to fyrste kampane i kveld, med autoritet og g4od publikumskontakt. Den regjerande meisteren MikL, som me hugsar frå kveldens fyrste kamp, er i det andre hjørnet, og skal begynne. Han får emnet «Rasmus Klump», som er ein dansk teikneseriefigur. Dette burde vere grei skuring, men han er tydeleg usikker og rotar og knotar. Det går betre for Ham Den Lange, som vinn denne runden, men det er ikkje den mest opphissande semifinalen så langt.

I andre runde skal MikL rappe om «DSB», og gjer eit heiderleg comeback, så kampen er enno ikkje avgjort. *Yo, så drop din viden / jeg er ikke som DSB, for jeg kommer til tiden / jeg synes det virker lidt pinligt / fordi jeg kommer til tiden, Ham Den Lange kommer for tidligt.* Ham Den Lange skal rappe om «Eddie Murphy». Det gjer han, og til dels glimrande, men han kjem også med svar til MikL: *Yo, det er klart, du kan skride, g / står der på scenen og siger Ham Den Lange kommer for tidligt / men du ryger ud i år, så det bli'r på gensyn / på scenen hedder han MikL og i sengen hedder han Jens Lyn.*

Me er komne til siste runde, og den regjerande meisteren må legge inn siste gir, viss han skal ha sjans. Han gjer det ok, men med litt for mange gamle vitsar. Ham Den Lange er hakket betre, og vinn battlen 2–1.

«I det røde ringhjørne ... manden som efterhånden slet ikke behøver en introduktion ... for han får alligevel alle sammen helt op at stå hver gang han kommer ind ... Han hedder Pede B!» Den store publikumsfavoritten tar sin tredje joggetur mellom stolrekkene, smiler og helsar på folk. I ringen møter han Johnni G, som kom til sluttspilet for fyrste gong i fjor, og nådde kvartfinalen, der han tapte for MikL. No er han i semifinalen, og ser litt stressa ut, men han òg smiler. Heilt til Pede B har fått emnet, og beatet

Yo, helt sikkert, du er så artsy fartsy / men jeg drikker dig under bordet til dit after ski party

Henrik Hass



FYRSTE SEMIFINALE: MikL tar i mot eit slag frå Ham Den Lange.

har begynt; då begynner Johnni å spasere rundt i ringen og kike i golvet. Pede B fyller etter, og må skifte mellom å rappe til ryggen hans og til publikum. Emnet han har fått, er «Villy Søvnald», som er leiaren af Socialistisk Folkeparti. Pede rappar tight og godt, men teksten er ikkje spesielt oppfinnsam eller spennande. Litt som Villy Søvnald. Ein overraskande svak runde for Pede B, og publikum er lunkent. Dette er Johnni Gs store sjanse! Han får emnet «Udenlandsk kød», men er ikkje heilt på nivå med seg sjølv, det verkar som nervane har fått overtaket. Presset vert for stort. Men det kjem òg gode ting – som: *Jeg står her og tænker og flexer over emner / Jeg' politiker, jeg knepper både til højre og til venstre.* Folk likar det, og battlen er jamn inntil vidare.

Pede B vaknar til live igjen, og leverer ein sterk runde over temaet «Rå fisk». Mange gode punchlines og heile tida innanfor emnet. Han går rett på: *Yo, det blir nemt det her / at domme efter duften, skal du skride hjem til Esbjerg / Yeah, det blir nemt det her / du kan ikke score når du stinker af fisk på Frederiksberg.*

I andre runde får Johnni emnet «Carlsberg i KB-hallen», og han kjem sterkt til-

bake. Han rappar med det morosame overkotet igjen, og svarer òg Pede B, for Johnni kjem jo ikkje frå fiskarbyen i Vestjylland, men den vesentleg mindre flekken Hjørring i Nordjylland: *Johnni G, han er pisse syg, du skal ik' disse min by / påstår at jeg kommer fra en lille fiskerby / men jeg har den skøre stemme / dit underliv er ligesom Hjørring, den er lille og der er ik' nogen, der besøger den.*

Pede Bs runde med fritt emne er sikker levering av gode Pede B-battlerim, men ingen store augneblinkar. Og det er ikkje umuleg at Johnni G kan ta battlen viss han vinn siste runde. Han fyrer laus med ein masse spreidd dissing til Pede B, bra, men utan den store samanhengen. Pede B viser med teiknspråk at dette er skrive på førehand, og Johnni reagerer tvert: *Det er da klart, jeg er en god rapper / hjemmeskrevne rim? Det eneste jeg skriver, er autografer på din mors patter.*

Begge påstår at dei har vunne, og når kampeiar UFO står der med ein i kvar hand og dreg ut tida, er det tydeleg at ingen av rapparane eller i publikum veit kven som vinn. «Og vidare ... til finalen ... med dommerstemmerne 2-1 ... Pede B!» Så vert det som Pede føresa allereie i sin fyrste runde i

kveld; finalen står mellom han og Ham Den Lange, som det òg gjorde for to år sidan.

Eg prøver å setje meg inn i det veldige presset det er å stå i ringen, men eg veit ikkje om eg får det til. Eg kjenner presset og sårbarheita frå å spele konsertar med ferdigskrivne tekstar. Men eg er likevel godt påkledd i forhold til den nakenheita desse folane utset seg for. Fallhøgda er enorm. Korleis er det å stå i ringen, kva føregår i hovudet ditt? Eg spør, og Per Vers svarer:

«Eg legg så stor vekt på språket at alt anna vert stengt ute. Det utanfor er berre ein mur av lys og bråk. Og når det er motstandarens tur, er eg opptatt med å høyre etter og prøve å hugse kanskje tre ting eg vil svare på i neste runde. Då er der ikkje plass til noko anna i bevisstheita mi.»

Kva må til for å klare seg i ringen, ut over evna til å improvisere rapp? «Innleving, konsentrasjon og aller viktigast – situasjonsfornemmelse. Ein samlar jo all merksemd og alle orda i romet hos éin person, som – når det går godt – får rolla som medium. Det spesielle med denne kunstforma er at publikum kan følgje tankeprosessane. Viss rapparen får emnet 'elefant', er det umuleg for folk ikkje å tenkje på ein elefant, så assosiasjonane går i gang hos publikum òg.»

FINALEN

Stemminga er spent. Ingen går på do, og ingen er ute og hentar øl. I ringen går dei to MC-ane kvilelaust rundt. Mynten vert kasta; Pede B startar. Emnet er «Lærkevej», ein populær dansk tv-serie. Beatet slår inn, det er musikken frå «D.O.A.», ein av årets store hits frå Jay-Z. Pede opnar med eit nytt planlagt publikumsfrieri: *Hvis I alle sammen føler jeg binde gale / så lav en masse larm for en fucking crazy finale.* Han drar ein del linjer som eg ikkje trur er emnerrelevante, men eg har aldri sett serien, så eg veit ikkje. Publikum likar det godt. Rundens beste rim, som får svært god respons, går slik: *Du ved at du gør det knapt så nice / og du er også en kopi af Desperate Housewives,* og i det klokka ringer, avsluttar han runden med *Han tror selv han*

er den stærke / men han kommer til at pip-pip-pip som en lærke. Ein god, men ingen fantastisk fyrsterunde frå Pede. Ham Den Lange får emnet «Halmballer», men verkar meir pressa og nervøs. Ein del gode ting, men for mykje rot, og det han får ut av emnet, er ikkje sitatverdige.

Nytt emne til Pede B: «Rommedahl», ein fotballspelar på det danske landslaget. Altså, meir dansk kultur eg ikkje forstår meg på. *Kammerat, du minder mig om Rommedahl / du kommer heller aldrig til at få en fuckings flot pokal / Nej, du får ikke nogen flot pokal / fordi du kommer til at gøre det fucked i denne her finale / Ja, du gør det halvgodt / men jeg tror aldrig ham der han kommer med på noget landshold.* Lange får «Lirekassemand», og er meir fokusert no. Han svarer på Pede Bs runde, før han bevegar seg elegant inn på emnet: *Yo, jeg ka' ik' ta' det alvorligt / du plejede at være go', hvorfor lyder det så dårligt? / Jeg er ligeglad, det' klart jeg nakker en så'n karl / står og disser Ham Den Lange med Dennis Rommedahl / Men alle folk kan se at Lange er kvik / Dennis Rommedahl og Pede B har samme teknik / Yo, dine punchlines de rammer jo ik' / motherfucker, du er ude på skrammer så læg / dig ned, jeg er ligeglad, jeg ryger hash, mand / gi'r den gas, mand, og rapper om en lirekassemand / Yo, jeg eg er ligeglad, jeg griner og fristiler / spiller din dames trusser som violiner / Du kommer ik' til at vind', du er ik' den bedste digter herind' / Jeg er ligeglad, jeg kan vind', jeg ved at Pede B er en lirekassesevind'.*

Svære greier. No er det ny spenning i kampen, og dét er tydeleg på Pede Bs ansikt når klokka ringer og folk jublar. Dei allereie tydelege blodårane ved tinningane hans ser ut til å ha vorte dobbelt så tjukke. Konsentrasjonen lyser ut av auga når Pede får mikrofonen og skal rappe sin siste runde i kveld. Han er aggressiv og tight i heile runden, og nesten alle poenga dreiar seg om Rommedahl, lirekassemann og halmballar, dei er berre ikkje spesielt morosame eller originale. Han avsluttar med å oppmode Den Lange til å prøve igjen neste år. Eg tip-

Jeg er ligeglad, for jeg kommer med de store ord / jeg er en tandlæge og knepper hans mor med det store bor

Ham Den Lange

UNDERDOG MED UPPERCUT: Johnni G opp i mot publikumsfavoritten Pede B, som nettopp har rappa om «Rå fisk»: *Jeg knepper ham, pisse klam veteran / checker at min pik er lang, li'som en fiskestang / Hey yo, Johnni, han er mesterlig / nej, du' ik' nogen fisk, men helt ærligt, klap dine motherfucking gæller i.*





AUDMJUK PUBLIKUMSFAVORITT:
Pedo B stoppar på scena for å vise takksemnd overfor publikum, før han går ned til folket, og mot ringen.

par at dei to rapparane ligg ganske jamt hos dommarane, så no har den evige toaren sin store sjanse. Eg unner han å vinne, så eg er spent. Han begynner bra, svært lovande: *Du synes jeg skal komme tilbake til neste år / men jeg vinder denne her battle med mere end et hestehår / Jeg vinder 25 000 og ta'r på ferie / og ... rammer plet som ... Jakobs ... mod Sverige* ... Her, i fjerde linje, går det gale; han nøler og snøvlar, og sjølv om han akkurat når å seie 'Sverige' før beatet er ferdig med takta, så er resultatet ei setning utan meining. Kanskje er det noko med fotball igjen, eg veit ikkje. Men den fomlete leveringa av setninga er uansett nok til at alle skjønner han er på glattis. Me sit yttarst på stolane, heile hallen held pusten. Det er forferdeleg vanskeleg å kome seg opp igjen etter ein slik

feil. Den Lange slåst tappert vidare, får inn eit par gode slag undervegs, men det meste vert nervøst rot.

«Pedo B, vandt du denne finale?»

«Ja, det synes jeg.»

«Ham Den Lange, vandt du denne finale?»

«Hell motherfucking yeah.»

DISSING TIL ALLE TIDER

Å kappast med ord er eit universelt folkeleg fenomen, meiner eg, og ein finn parallellar i dei fleste kulturar frå dei fleste tider. Eg luftar desse tankane for Per Vers, og fortel mellom anna om norsk kveding. Her handla det kanskje ikkje like mykje om undertrykte ødipuskompleks og latent homoseksualitet, men når det gjeld skry-

ting, lyging og sjofle meldingar var kvedarane heilt på høgde med dagens MC-ar. Eg foreslår at det å battle i ein boksering og på ei seter er stort sett det same; me har berre litt andre ord og beats i dag. Per er einig, han vert ivrig og nemner mange eksempel frå fleire hjørne av verda, og endar opp med Johan Herman Wessel og crewet hans, som herja her i byen for over to hundre år sidan.

«Han hang ut på vertshusa, og improviserte viser og dikt på bestilling, på grunnlag av emne og stikkord! Kvar generasjon trur ein startar frå null, er dei mest geniale og har funne opp noko nytt. Det trudde eg òg då eg var ung hiphopar. Men etter kvart oppdagar ein at det berre er snakk om nye former av gammalt innhald.»

Per har nettopp lese ein artikkel som stiller spørsmålet «er hiphopen ein kultur, eller er det ei dannelsesreise frå barn til vaksen?» – og som altså vert meiningslaus når du har vorte vaksen.

«Eg trur det stemmer for mange sine måtar å dyrke hiphopen på. Men eg vil heller sjå hiphop som ein kultur, som derfor inkluderer barn, unge, vaksne og gamle. Det er jo uendeleg mange måtar å dyrke hiphopens mange uttrykksmulegheiter på. Eg meiner det er svært avgrensande viss det berre skal handle om konfrontasjon, testosteron og aggresjon. Så eg seier det slik: Hiphop er ein kultur, mens battlinga kanskje er ei dannelsesreise frå ung til vaksen.»

Danmarks fristilkinge meiner at Fight Night har vorte for stort. Eg er berre delvis einig. Dei beste fristilkingane eg har opplevd, har vore utanfor både ring og scene, for Fight Nights storleik og prestisje gjer at mange spelar for sikkert, og dei store overraskingane uteblir. Det er som om dei beste har fjerna fallhøgda si. Det er kanskje urettferdig å disse dei for å vere for gode, og det seier nok mest om mine forventningar til kva ein god battle skal gi meg. Eg saknar faremomentet. Eg vil ikkje at dei skal gjere feil, men eg vil at faren skal vere der. Viss der ikkje er plass til å ta sjansar og leike, og dermed gjere feil, er der heller ikkje plass

til at det sublime kan oppstå. Som når rapparen slepper kontrollen – slik opplever eg det iallfall – og vert eit medium for heile flokken; når rima, rytmikken, emnet og flowet smeltar i hop til eitt uttrykk, og aldri kunne ha vore annleis. Som om det er ein større grunn til at nettopp desse orda finst og rimar på kvarandre i nettopp denne samanhengen. Som om det før-beviste toget køyrer med full damp, og rapparen ikkje produserer, men oppdagar orda. Eg er lettrørt, og eg får fort frysningar på ryggen når mediet gjer dei største oppdagingane. Eg er ikkje like lett imponert over ein masse lausrivne punchlines.

Underhaldningsverdien til MC's Fight Night er likevel svært stor, og ein opplever ein annan type sublime augneblinkar når ein sit i ein sal med fleire tusen menneske, og skjellsorda haglar i blodige rim-mønster mellom dei nakne gutane i ringen. Ei kjensle som nok minner meir om det sportspublikumet kjenner til; spenninga over kampen, forsterka av fellesskapet med alle i lokalet. Ein vert ein del av ein kollektiv ekstase idet dei dødbringande slaga vert serverte.

Men akkurat no er det stille. UFO står i ringen med ein rappar i kvar hand, for siste gong i kveld. Dommarstemmene er henta inn, og salen ventar i spenning, sjølv om dei fleste har ein sterk mistanke om kva veg det går. Men ein veit aldri, kamphanane ser òg spente ut. «Aftenens vinder ... vinder af 25 000 kroner ... vinder af Fight Night-bæltet ... vinderen i 2009 er ... PEDE B!»

Salen eksploderer i jubel, konfetti og fyrverkeri. DJ-en spelar temaet frå boksefilmen «Rocky», og Pedo B hoppar rundt som ein galen, og får seg ein velfortent sup sjampanje. No er han den einaste som har vunne Fight Night tre gongar. Får ikkje Per lyst til å gjere eit comeback og setje kvalpen på plass?

«På ingen måte. Det tenner meg ikkje lenger.» Dessutan må Per Vers gå no, og set kapsen på den blanke issen. Han skal i barnehagen og hente ungar.



MC'S FIGHT NIGHT CHAMP 2009:
Pede B får beltet for tredje gong.

EPILOG

På ein av dei siste kassetane eg filma i det danske rappmiljøet, finst det ei scene med meg sjølv i ei sentral rolle. Det er seint på natt i Århus sentrum, og eg filmar ein fire-fem MC-ar som står i ein halvsirkel og rappar. Éin lagar trommerytme med munnen, mens resten byter på å fristile. Folk har festa lenge, stemninga er høg og lattermild. Det kan sjå ut til at kameramannen òg har fått eit par drinkar for mykje, bilde er ikkje like fokuserte lenger. Plutseleg er det ein som seier til kameraet at det er på tide å kome ut av skapet. Rykta har gått om at han nordmannen ikkje berre er fan, men har begynt å rappe sjølv òg. Eg prøver å nekte, men klarer ikkje å halde maska. Før eg veit ordet av det, har nokon tatt over rolla som fotograf og skubba meg inn i ringen. Rytmen går i gang, og

den mildt berusa og sterkt nervøse nordmannen begynner å nikke til takta. Han seier «Ok» ... og «yeah» ... kjem inn i groovet, no skal det skje. Han opnar munnen, men ingenting kjem ut. Han ler litt, og let det gå ei takt til. No! Han opnar munnen igjen, men det same skjer igjen, og han vert ståande og sjå ut som ein fisk. Nordmannen kastar handkledet i ringen. Danskane ler overberande og klappar meg på skuldra. Der begynte og slutta min karriere som fristilar. Dén dannelsesreisa kom eg trass alt for seint til.

NOTAR

- 1 Å disse kjem frå det amerikanske slanguttrykket *to dis*, som igjen er ei forkorting av *to disrespect*.
- 2 Rappens *flow* handlar om korleis ein rappar; om ein rappar fort eller seint, syngande eller monotont, slavisk korrekt rytmisk eller synkopert eller bakpå. Rappens stil.
- 3 Å rappe *tight* vil seie å rappe presist, rytmisk korrekt. Som utvida slanguttrykk kan det òg ganske enkelt bety *bra*.
- 4 Danske Statsbaner.